

Landskap

Gruppe 3. (Landskap)

Grappa er ikkje ueinig i at reiseliv og landskap er viktig i nasjonal samanheng. Vi er alle avhengige av vatn/vasskvalitet. Det vart peika på laksefiske som næring, oppdrett m.m. Må ta vare på fjordlandskap og fossar som er viktige i reiselivssamanheng. Men samstundes må ein kunne utnytte ressursane – lokal verdiskaping. Utbygging kan lette tilgjenge, dette kan føre til auke i turisme og bruk av eit område.

Fylkesdelplan for vasskraft? NVE legg sterke føringar allereie i dag, og gjer ein god og grundig jobb i sakshandsaming og som kontrollinstans. Planarbeidet må vektast, slik at ein får fram både dei positive og negative sider ved utbygging. Det er ein tendens til at offentlege organ brukar den tida ”dei treng ” i uttalesaker. Dette senkar prosessane.

Dei fleste utbyggingsprosjekta er positive i næringsamanheng. Intelligent bruk av vatn. Forkjørsrett på nettet? Dei som har småkraft burde ha forkjørsrett framfor dei som har magasin. Fjordane og fossane er viktige. Likevel må ein gjere det buande for folk. Reglane i forhold til utbygging er strenge nok slik de er i dag.

Gruppe 4. (Landskap)

Til spørsmål A svara grappa nei. Til spørsmål B er grappa einige i det meste, men dei ulike prosjekta må vurderast konkret. Planen omfattar ikkje vassdrag som er verna . Kan desse vassdraga dekke behovet for det som skal vernast ?. Fokus på urørt natur (INON), men ikkje bebyggt landskap/ kulturlandskap under utvikling. Utvikling i landbruket – kan ha positive effektar på landskapet.

Fjordlandskap kan bli eit nytt tema som skal vurderast, og som kan bli lagt ”oppå” dei andre. Nye begrep – kan oppfattast som ”snikverning”. Grappa meiner det er feil å ta ut verna område.

Fylkesdelplanen kan nyttast som arbeidsverktøy, men kan og gje avgrensing. Når det gjeld reiselivet peikar grappa på Aurland: omfattande kraftutbygging, men likevel stor turistkommune. Folk skyggar ikkje unna område med tekniske inngrep.

Magnus Snøtun – supplerande innspel i etterkant av møtet

Landskap:

Viktig tema, gjerne sumverknadar. Trur det er rett som de legg opp til med å identifisere fossar. Eg er skeptisk til å innføre det nye omgrep fjordlandskap, særleg ei rangeringsordning. I malen til NVE er det visse element som trigger særleg omtale og/eller dokumentasjon, som synlege fossar, høgfjellet og INON frå fjord til fjell. Hadde det ikkje vore like godt å peika på det særigne med vassdrag ned mot fjord/vatn og heller stille krav om dokumentasjon? Fleire er skeptiske til omgrep som er ”administrativt innført” (som INON) og diskusjonen blir meir om sjølve omgrepet enn faktisk effekt av tiltaket.